

Årgang 64 - Nr. 3

OKTOBER 2018

Helgahelning



Odda



Tyssedal



Skare



Røldal

Odda kyrkjekontor

Almerket 17
Postboks 397, 5751 Odde tlf. 53 65 09 00
E-post: post@oddakirken.no
Opningstider: tysdag til fredag 10.00 – 14.00
www.oddakirken.no

Direkte telefonnr.

Kyrkjeverje Liv Eirill Evensen tlf. 53 65 09 07
mob. 951 35 798
e-post: kirkevergen@oddakirken.no
Sokneprest Margrethe Ølberg tlf. 53 65 09 05
e-post: soknepresten@oddakirken.no
Trusopplærar Therese S. Meusburger
tlf. 53 65 09 06
e-post: pedagogen@oddakirken.no
Sekretær Angunn Handegard Trå tlf. 53 65 09 00
e-post: post@oddakirken.no
Kantor Paweł Cabała tlf. 53 65 09 09
e-post: kantoren@oddakirken.no
Organist Krzysztof (Kris) Ulita tlf. 53 65 09 10
e-post: organisten@oddakirken.no

Kyrkjetenarar:

Olav Andor Lono mob. 416 64 018
Anne Marie Reistad mob. 917 79 772
Maria Jordan

Odda sokneråd

Leiar Anna Maria Kråkevik mob. 910 18 331

Røldal sokneråd

Geir Kåre Nybø mob. 906 26 963

Skare sokneråd

Leiar Steinar Tokheim mob. 958 71 277

Tysseidal menighetsråd

Leder Airin Nesse mob. 924 83 405

Odda kyrkjelege fellestråd

Leiar May Søfteland mob. 924 07 604

Helgahelsing

Redaksjon:

Gunvor Stana Seljestad

Paweł Cabała - utføring

E-postadresse: helgahelsing@gmail.com

Send oss gjerne tekstar, bilete, mm.

Kontonr. til Helgahelsing: 3201.52.70089

Det er alltid godt å møte mennesker som er raus; som møter deg med smil og gode ord, med interesse, godt humør, med god mat og drikke, og ved å være til stede med sitt nærvær. Det å gi av seg selv til andre, skaper alltid noe godt.

Romerbrevet, kap.5 handler om raushet, kjærlighet og nåde. "Men det er likevel annerledes med Guds nådes gave enn med Adams fall. På grunn av den enes fall måtte mange mennesker dø. Men Guds nåde er uendelig mye større: Den er en gave, og den gis til de mange i rikt mål på grunn av det ene menneske Jesu Kristi nåde".

Og teksten fortsetter: "Hvor mye mer skal da ikke de eie livet og få herredømmet ved den ene, Jesus Kristus, de som tar imot Guds store nåde og rettferdighetens gave."

Jeg tror at det vi trenger mer enn noen gang, er raushet, kjærlighet og nåde. Mange opplever nok samfunnet og det livet de lever som ganske nådeløst. I mange miljøer er det lite raushet og tilgivelse. De aller fleste lengter etter nærhet, etter å bli sett og hørt. Vi søker kjærlighet og anerkjennelse hos hverandre.

Gud ønsker å gi oss en gave; et liv i kjærlighet og tilgivelse. Han slutter aldri å elske oss. Gud gir og gir. Kjærligheten fra Gud til hver enkelt av oss tar aldri slutt; det er en gave som gis til de mange i rikt mål. Denne raushetens Gud får vi møte i dag – gjennom at vi får en ny dag, gjennom at vi har kjærlighetens evne, gjennom at vi kan søke til Gud i hans ord og i bønn, og gjennom at vi får hans velsignelse over dagen.

Så kan vi takke for Guds nåde og også la oss inspirere til større raushet og kjærlighet overfor de mennesker som vi møter på vår vei i dag.

Margrethe Ølberg



Nero, Peter og motvind

Av Asbjørn Kvalbein,
Norea Mediemisjon

Tekst: 1. Peters brev 4: 12-19

Mine kjære! Undra dykk ikkje over den eldprøva de må igjennom, som om det hende dykk noko uventa. Men i same mon som de får del i Kristi lidningar, skal de gleda dykk, så de òg kan jubla av glede når han openberrar seg i sin herlegdom. Sæle er de når dei spottar dykk for Kristi namn skuld, for Guds Ande, herlegdomens Ande, kviler over dykk. Sjå berre til at ingen av dykk må lida straff som mordar, tjuv eller ugjerningsmann, eller for å ha blanda seg opp i sakene til andre. Men lid nokon fordi han er ein kristen, skal han ikkje skjemmast, men prisa Gud for dette namnet.

For no er tida komen då dommen skal ta til, og han skal ta til med Guds hus. Men kjem dommen over oss først, kva ende skal så dei få som er ulydige mot Guds evangelium? Og er det vanskeleg for den rettferdige å bli frelst, korleis skal det då gå den ugudelege og syndaren? Difor skal dei som lid etter Guds vilje, overgje si sjel til den trufaste Skaparen og gjera det gode.



Det var ein gong ein gut som fekk høyra at han skulle verta keisar og guddommeleg når han vart stor. Allereie då han var 17 år, arva han «heile verda» og ei suveren makt. Han myrda mor og veslebror, overlét å styra det meste til nokre gamle politikarar, og konsentrerte seg om å leika gud. Året var 54 etter Kristus. Den ungen heitte Nero. Han fiksa ein brann ti år seinare for å få meir plass til palasset sitt. Dei kristne fekk skulda for ulukka, Nero brukte ein del av dei som levande faklar for å lysa opp orgiefestane sine.

Peter, den fremste disippelen av Jesus, levde på denne tida, og han vart avretta under Nero. Først rakk han å skriva to brev til dei nye kristne. Dei var overraska, for dei hadde ikkje venta motvind når dei byrja å tru på Jesus. – Ver ikkje overraska, skreiv Peter. Forfølgde dei Jesus og avviste han, vil de oppleve det same. «Mine kjære! Undra dykk ikkje

over den eldprøva de må igjennom, som om det hende dykk noko uventa. Men i same mon som de får del i Kristi lidningar, skal de gleda dykk, så de òg kan jubla av glede når han openberrar seg i sin herlegdom. Sæle er de når dei spottar dykk for Kristi namn skuld, for Guds Ande, herlegdomens Ande, kviler over dykk.»

Dei kristne vart ikkje utrydda, men heldt fram å forfølgjast. Dei hadde lært at det kunne kosta å følgja Jesus, og dei måtte ikkje «ta igjen» eller søkja hemn. Slik fekk kristentraua stor vekst i dei første hundreåra.

Øg i dag kostar det å visa lojalitet til Herren og ordet hans. Då skal ein ikkje sjå seg sjølv som eit offer, men visa glede òg i motvind. Det som ikkje knekk deg, gjev styrke. Til dei som vert mobba for trua si, seier Jesus: «Gled og fryd dykk, for stor er løna de har i himmelen.»



- Aksjonen 21. oktober: Mindre åleine saman

TV-aksjonen NRK 2018 går til Kirkens Bymisjon. Gjennom TV-aksjonen i år skal vi skape eit varmare og meir inkluderande samfunn. Pengane som blir samla inn skal skape 700.000 møte mellom menneske.

Noreg er eit samfunn der skilnaden mellom folk aukar. Skilnader som ikkje fyrst og fremst handlar om etnisitet eller religion, kor du kjem frå eller kven du er, men om du er innanfor eller utanfor.

Det er mange måtar å vere utanfor på. Frå å mangle ei seng å sove i, til å vere utanfor i arbeidslivet eller sosiale fellesskap. Dette råkar ikkje berre enkeltpersonar, men gir ringverknader for alle.

Med TV-aksjonen NRK 2018 kan Kirkens Bymisjon skape møte som kan redde liv. Ved å opne dører og legge til rette for at fleire kan møtast, skal vi vise kvifor TV-aksjonen i år er viktigare enn aldri før. Vi skal tilby menneske som opplever å stå utanfor, eit nytt fellesskap, ei seng eller ein samtale og slik bidra til at fleire får sjansen til å oppnå egne mål og draumar.

Dette går pengane til

Kom inn for natta – akutte behov

Alle menneske som oppheld seg i byane våre skal få dekkja basisbehov som mat, ei seng å sove i og tilgang til toalett. Kirkens Bymisjon skal etablere fleire akuttovernattingar. Her tilbyr vi dei som treng det aller mest ein turr, trygg og varm stad å sove innandørs. Vi skal også etablere enkle matstasjonar som skal servere minst eitt varmt måltid om dagen til menneske som elles har få stader dei kan kome innandørs og ete varm mat. Vidare skal aksjonsmidlane sikre at fleire byar har eit sanitært tilbud som toalett, dusj og vaskemaskin. Dette er spesielt aktuelt for fattige tilreisande personar.

Kom inn i kvardagslivet – deltaking

Med TV-aksjonen i år skal Kirkens Bymisjon skape arbeidsplassar til menneske som av ulike grunnar fell utanfor det ordinære arbeidslivet. Vi ser at mange ønskjer å jobbe, men at krava i det ordinære arbeidslivet blir uoverkommelege. Uansett om rus, psykisk helse eller fråfall i skulen gjer at ein fell utanfor, er dette menneske som lengtar etter å delta. For mange kan det å kome i arbeid bety mindre rus, jamnare døgnrytme og betre livskvalitet.

Ved å etablere fleire kafear for folk med ruserfaring eller dårleg psykisk helse, ønskjer vi å bidra til auka livskvalitet for menneske i ein utfordrande livssituasjon. Kafearne skal vere ein stad der alle kan oppleve fellesskap, ete næringsrik mat, få kvile og informasjon om andre delar av hjelpeapparatet.

TV-aksjonsmidlane skal også brukast på fritidsaktivitetar og utlån av fritidsutstyr slik at alle born og unge kan delta på minst éin fritidsaktivitet jamleg. Vi ser at mange born ønskjer dette, men korkje har

råd eller tilgang. Med TV-aksjonen skal vi opprette fleire utlånssentralar og fritidsaktivitetar for born og unge.

Kom inn i samfunnet – inkludering

Det skal vera mogeleg for alle å ta del i eit inkluderande fellesskap. Kirkens Bymisjon skal skape møte der innvandrarakar kan ta del i fellesskapet og få vere ein ressurs i sitt eige nærmiljø. Dette skal vi gjere ved å organisere møte på tvers av generasjonar, og møte mellom norske frivilljuge og innvandrarakar som har vore kort eller lang tid i Noreg. Eit samfunn treng at fleire møtest, og Kirkens Bymisjon legg til rette for slike møte.

Kirkens Bymisjon ønskjer å organisere fleire møte med innvandrarakar som har budd i Noreg i kort tid, innvandrarakar som har budd ei stund i Noreg, og personar med norsk bakgrunn. Målet er å bli kjende, få eit utvida nettverk, gjere ting saman, praktisere norsk og forstå dei norske samfunnskodane.

Med TV-aksjonen NRK kan vi skape møte på tvers av generasjonar og kulturar. Pensjonistar kan gi leksehjelp og språkopplæring til unge innvandrarakar, som takker for hjelpa med aktivitet, gode måltid og hyggeleg selskap. Slik skapar vi gjensidige møte på nye arenaer.

Dersom du er interessert i fleire konkrete tiltak og forklaringar på korleis pengane skal brukast, kan du sjå eit fullstendig oversyn på blimed.no



21. OKTOBER 2018
Kirkens Bymisjon

TV-AKSJONEN

NRK

BLI MED PÅ VERDAS STØRSTE DUGNAD!

Bli bøsseberar, ring **02025** eller gå inn på **blimed.no**

Diakonens hjørne

Annlaug H. Engmark



TAKK FOR MEG!

Det er ein god skikk å takka for seg når ein har vore i besøk. "Skikk og bruk" gjev oss trygge rammer. Denne gong er det ikkje eit besøk eg skal takka for, men for fleire år i møte med flotte folk i Odda kommune.

Takk for tilliten de har vist meg!
Takk for innblikk de har gjeve meg i ulike liv.
Takk for fellesskap det har teke meg med i!
Takk for gleder og sorger de har delt med meg!
Takk for samarbeid på ulike arenaer!
Takk for all inspirasjon de har gjeve meg!
Takk for alt diakonien har betydd for meg i alle sokna!

Det er med vemod eg har sagt opp og medan de les dette har eg vore ei tid som diakon i Vår Frel-

sers menighet i Haugesund by. Eg tek med meg god lærdom og inspirasjon vidare i den nye jobben. Livet vårt er mangfaldig, til tider og krevjande. Sjukdomen som har ramma mannen min og vår heim, gav oss nye utfordringar. Me valde å bryta opp frå den flotte prestagarden i Ullensvang og har nå etablert oss med eige hus i Karmøy kommune der eg vaks opp. Røtene i Hardanger er grodd sterke og me gler oss til å koma attende i ulike høve.

Eg helsar dykk med visjonen for diakonien til Den norske kyrkja:

"GUDS KJÆRLEIK TIL ALLE MENNESKE OG ALT DET SKAPTE, GJORT VERKELEG GJENNOM LIV OG TENESTE"

Annlaug H. Engmark

Verdensdagen for psykisk helse markeres verden rundt den 10. oktober og i ukene rundt.

Tema for årets verdensdag er «Vær raus». Raushet kan bidra til «lavere skuldre» i en hektisk hverdag, at vi stiller litt lavere krav til oss selv og omgivelsene – og økt psykisk helse.

Arrangørene for verdensdagen for psykisk helse skriver blant annet dette om årets tema:

Raushet handler om å gi noe uten å forvente å få noe tilbake. Det dreier seg om å akseptere at vi er ulike, at vi ikke er perfekte, og gi rom for egne og andres ulikheter. Begrepet knyttes til blant annet altruisme, nestekjærlighet, sjenerøsitet og uselvskhet.

Kathrine Aspaas, forfatter av boken Raushetens tid, skriver dette om raushet:

«Raushet er å unne andre suksess.
Raushet er å våge åpenhet.
Raushet er å lytte til andre.
Raushet er å våge å feile.
Raushet er å tillate andre å feile.
Raushet er å hjelpe andre.
Raushet er å ta et skritt tilbake før vi dømmer andre.
Raushet er å tilgi oss selv – og andre.»



Odda kirkelige fellestråd vil markere verdensdagen tirsdag 9. oktober med middagsbønn i Odda kirke kl. 12:00 og åpent hus på soknehuset kl. 12:30 – ca. 14:00. Det blir servert vafler.

Alle er hjertelig velkomne! Arrangementet er gratis.

Psykevettreglane


1. Ber ikkje på tunge tankar åleine.
2. Søk hjelp i tide, det er ingen skam å be om hjelp.
3. Spar på fine opplevningar, dei er gode å ha med seg i «ryggsekken».
4. Vær rusta mot tunge periodar, snakk om det før det vert for vanskeleg.
5. Tenk på det du får til, i staden for det du ikkje får gjort.
6. Vær aktiv, regelmessig fysisk aktivitet er bra for di psykiske helse.
7. Forsøk å gjere noko hyggelig kvar dag, anten for deg sjølv eller for andre.

verdensdagen.no




VERDSDAGEN
FOR PSYKISK HELSE

Pavespurv




VANNRETT:

2. Lars Eriksen
3. Jentenavn
5. Overhode
7. skratter
8. moderne
9. Ida Valle
10. ytre
11. møbel
13. frø



LODDRETT:

1. anmode
2. buksemerke
3. dyr
4. guttenavn
6. samme mening
9. fryse
12. del av Bibelen.



SMÅBARNSKAFÉ

Vel møtt til småbarnskafé på soknehuset i Odda kvar torsdag kl. 10.30-13.00 på soknehuset ved Odda kyrkje. Vi startar opp torsdag 13. september, og fylgjer skuleruta.



STØRST AV ALT

Barn under skolealder frå Odda, Røldal, Skare og Tyssedal i fylgje med foreldre, besteforeldre eller dagmamma er hjarteleg velkomne. Vi leikar, syng og har ei koseleg stund i lag.

Ta med nistepakke, vi held drikke.

Lurer du på noe, kontakt kontoret 53 65 09 00



DEN NORSKE KYRKJA

Odda sokn



FUTURA 2018 - Landsleiren

til Norges KFUK-KFUM speidarar 29. juni til 7.juli



Spente og full av forventningar reiste sju speidarar og eg som leiar for dei, på landsleiren som var på Lånke i Trondheim. Det vart ein landsleir av dei sjeldne! Været var jo fantastisk. Akkurat passe varmt om dagen og kaldare om natta. Regnet som kom på slutten av leiren gjorde til at me fekk med våte telt heim. Men skitne eller våte telt har alltid høyrd med når me er på leir, så litt måtte me tåla denne gong og.



Speidarane frå Odda budde i lag med 9 speidararar frå Norheim/ Karmøy kommune og to leiarar. Tilsaman vart me ei super tropp på 20 stk. Me laga flott langbord med plass til alle rundt. Norheim speidarane hadde investert i flott party- telt til å ha over oss. Teltet fungerte som solskjerming og gjorde stor nytte sjølv om det var tenkt for å halda regnet unna.

Ein slik stor landsleir med nærare 4500 stk vart som ein by å rekne med alle fasilitetar. Hygiene og toalett har høg prioritet. Det er "gater" mellom dei ulike områda. Rett overfor oss budde speidarar frå Torvastad. Dermed vart det bygd "Karmøy bru" over vegen mellom oss. Nokre av speidarane dreiv med pionering under heile leiren. Det er høgt aktivitetsnivå på ein slik leir. Born til leiarar har sitt program. Vandrarar 5-10.klasse har mykje tilbod. Dei som skulle opp i 10 klasse kunne melda seg på eit eige program og





verta teken opp som Rover, 15-25 år. Hå Odda vart Joakim teken opp som Rover. Medan Anders vart teken opp som speidar tidleg i leiren. Alle som er på speidarleir som speidarar skal ha avlagt speidarløftet. Det var og eige turprogram for leiarar til klosteret på Tautra.

FUTURA var leirens namn og skulle visa oss inn i framtida. Gjennom flotte fellessamlingar ved storsce-
na fekk me høyra om korleis ein trudde framtida vart og hadde tema som sciencedag, matdag, haik, escape room, Globallop og oppfinnerdag. Om dagen var det aktivitetar med same tema. Leirpresten hadde glimrande forkynning og knytte dagens tema til andakten sin. Om sundagen hadde vår tropp i lag med troppen frå Torvastad vår eigen gudsteneste, Guides own. Tysdag kveld var det fin nattverdsgudsteneste felles for alle. Heile 15 plassar der nattverd vart delt ut. Eit flott fellesskap.

Tidleg om laurdagen den 7.juli var det oppbrudd. Det er heilt utruleg å sjå eit stort område verta til grøn mark att! Og som ekta speidarar me er skal det kun vera to ting att når me har forlate området: "INGEN TING OG TAKK!" Sitat frå han som starta speidararbeidet i 1907, Lord Baden Powel. Takk òg frå meg som fekk reisa på leir med desse flotte unge speidarane!

Annlaug H. Engmark



– Kyrkjelydar mistar medietalentane

Leiar for mediekonferansen MELT meiner ungdom med interesse for media treng betre oppfølging i kyrkjelydane.

Av: Ingunn Marie Ruud, KPK

– Kyrkjelydane må sjå kva dei har og tenkja større om kva media er, seier Asbjørn Furre. Han er leiar for den kristne mediekonferansen MELT som vert arrangert i Oslo i oktober. MELT kjem ut av eit felles initiativ mellom TV Inter, Filadelfiakyrkja Oslo og Tro & Medier.

Furre fryktar at unge medietalantar forsvinn frå kyrkjelydane fordi dei ikkje får den oppfølginga han meiner dei fortener.

– Det er ikkje meininga å rakka ned på kyrkjelydane, men å bevisstgjera dei på kva for ein kompetanse desse menneska sit på og kan bidra med både i kyrkjelyden og samfunnet, seier han.

Furre meiner at sjølv kyrkjelydar som driv med medieproduksjon ofte avgrensar seg til enkle informasjonsvideoar for gudstenesta.

– Når ein berre vert bede om å gjera enkle repetitive oppgåver får ein ikkje kreativ inspirasjon. Då endar ein fort opp med å verta utbrent og lei eller ein tek talentet sitt med eit annan stad enn i kyrkjelyden, seier han.

Viktig for mediebransjen

– Media er alt frå tekst til visuelt til lydar og annan kreativitet og er noko kyrkjelydar bør ha alle føresetnader for å vera best i landet på. Då må vi tenkja saman og sjå kva vi har i hendene, seier Furre.

MELT-leiaren trur òg at kyrkjelydane si manglande oppfostring av medietalantar hindrar mange å velja ein karriere innanfor mediebransjen.

– Mediebransjen treng fleire dugelege, kristne stemmar. Infovideoar er bra, men om vi skal nå denne verda så treng vi dugelege, åndsfulle historieforteljarar som er kopla på kjelda til kreativiteten, Gud, seier Furre.

Medieundersøkinga som vart presentert på Nordiske mediedager i mai i år viste at berre 1 av 4 journalistar vedkjenner seg til ein bestemd religion. Det er betydeleg mindre enn generelt i folkesetnaden der talet ligg på rundt 50 prosent ifølgje tal frå Statistisk Sentralbyrå.

– Faren ved å vera ung og dugeleg er at ein tenkjer at ein klarer det åleine. Eg trur at om ein får ryggdekning av mentorar og folk som har gått føre, så vil ein verna ein audmjukskap, noko eg sjølv har sakna i mediebransjen, seier Furre.



Visuelt språk

Ein som òg brenn for at unge kristne skal finna sin plass i mediebransjen er Christer Dyngeland (26) som jobbar som videoprodusent og fotograf.

– Å få kristne inn i mediebransjen handlar om å kunna snakka eit språk folk forstår. Det visuelle språket vert viktigare og viktigare for å få budskapet fram, seier han.

Han opplevde sjølv å få god oppfølging i pinsekyrkja Tabernakelet i Bergen der han vaks opp og var engasjert i media.

– For meg var det essensielt å kunna gå i fotspora til andre og få opplæring i kyrkja. Ein skal ikkje undervurdera effekten av å ha nokon ein kan spørja og få råd av, seier Dyngeland som no er aktiv i Salt Bergenskirken.

Den beste råda hans til kyrkjelydar er å sleppa ungdomane laus.

– Dei må våga å la dei unge få boltra seg, gjera ressursar tilgjengelege og gje dei tillit. Sett gjerna av eit budsjett til media, slik at ungdomen følar dei får noko igjen for innsatsen i form av oppfølging og utstyr.

Draumar om mentorordning

Saman med Furre og MELT drøymmer Dyngeland om ei mentorordning kor erfarne mediearbeidarar tek unge lovande under vengene sine.

– Gjennom MELT-konferansen kan ein òg få kopla seg på eit profesjonelt nettverk og koma i kontakt med folk som har vore i bransjen lenge. Eg trur det kan tyda mykje for kristen-Noreg, seier Dyngeland. Både Dyngeland og Furre trur mentoringa kan gå begge vegar.

– Det kan fort vera at ein 50-åring skal verta mentora av ein 25-åring fordi den unge kan meir innanfor eit fagfelt. Man må leggja av seg stoltheita og gå audmjuke inn og tenkja at dette er noko ein gjer saman, seier Furre.

– Dei som har vore i bransjen lenge kan mykje, medan dei unge kanskje kan meir om nye former for media. Sjølv spør eg ofte dei yngste tenåringane i kyrkja om råd, legg Dyngeland til. KPK

Dei gjorde det




Dei klarte å fly åleine rundt heile jordkloden utan å mellomlanda for å fylla drivstoff. Det dristige prosjektet vart gjennomført i løpet av ni dagar i desember 1986. Flyverne Dick Rutan og Jeana Yeager vart naturlegvis verdskjende. Folk sa det var umogleg, det er trass alt 40.000 kilometer å fly. Dei opplevde kriser då ein elektrisk drivstoffpumpe svikta, og Jeana slo seg kraftig då ho vart kasta i veggen og taket av uventa turbulens. Men dei kom i mål.

Ein gratulasjonsannonse hadde denne teksta: «Vi trudde det var mogleg. Men de, Dick og Jeana, bevisste det. Å gjera noko slår ut snakk kvar gong.»

Før vi er villige til å satsa, tyder ikkje orda så mykje. Men at vi set ut i livet det vi trur på, er alltid sterkare enn laust prat.

Ein lovkyndig på Jesu tid likte å diskutera religiøse spørsmål. Då fortalde Jesus liknelsen om den barmhjertige samaritanen, han som tok seg av valdsofferet då ingen andre brydde seg. Då kom Jesus med den praktiske utfordringa: «Gå du og gjer som han» (Luk 10,37). Å gjera noko slår ut snakk kvar gong.



«Susen av regnet»



Alle er glade for varme og solfylte sumardagar, men det kan verta i meste laget. Når åkrane vert svidd av og avlingane små, byrjar ein å lengta etter regn.

Bibelen fortel om fleire slike situasjonar der det var tørke i landet. Det vert gjerne skildra som ei straff frå Gud. I kong Akabs tid var det ei slik tørke i tre år, og ho tok ikkje slutt før folket omvende seg. Det var profeten Elia som var Guds talerøyr i denne situasjonen, og etter det dramatiske møtet mellom profeten og dei 400 Ba'als-profetane, kunne Elia seia til kongen: «No kan du gå opp og få deg mat og drikke; for eg høyrer susen av regnet.» (1 Kong 18, 41, omsetjinga 1978/85). I den nyaste omsetjinga høyrer profeten tilmed «susen av styrtregn».

I ein kjend vekkingssong heiter det: «Jeg hører suset av regn, sildigregnets tid er ei forbi, nei å nei. Jesus er den samme nå som før, om du bare åpner hjertets dør.»

Regnet frå himmelen er det som gjev liv.

Åtvarar mot svindelforsøk

Fleire kyrkjelege verksemder er freista svindla av useriøse seljarar og kataloghaiar. Eit kyrkjeleg fellestråd fekk nyleg ein falsk faktura på nesten 10.000 kroner.

Av: KPK

I sommar fekk Karmøy kyrkjelege fellestråd tilsendt ein faktura på nesten 10 000 kroner for ein stillingsannonse dei ikkje hadde bestilt og som ikkje eksisterte. Dette fortel KA Arbeidsgivarorganisasjon for kyrkjelege verksemder på [nettsidene sine](#). No åtvarar organisasjonen igjen mot kataloghaiar, useriøse aktørar og falske fakturaer.

– Vi har vore borti mange forsøk på fakturasvindel opp gjennom åra, men denne aktøren var ukjend for oss, seier Ingrid B. Tenfjord, direktør i KA si arbeidsgivaravdeling.

Det var rådgivar Øyvind S. Larsen i Karmøy kyrkjelege fellestråd som vart oppmerksom på ein faktura der «Annonssplats på Safarijobb.com under kategorin lediga jobb» var pristil 9.990 kroner. Fakturaen spesifiserte at det gjaldt «trosopplærer i 50 prosent fast stilling», ei stilling som nyleg var lyst ut via fellestrådet si nettside og på NAV.

Larsen fann raskt ut at korkje nettsida safarijobb.com eller den oppgjevne e-postadressa virka. Det var dessutan oppgjeve eit ikkje-eksisterande, svensk organisasjonsnummer.

Sommar er svindlarane sin høgsesong

KA opplever at slike falske fakturaer kjem oftast i juli og trur at svindlarane særleg opererer på sommaren fordi sentrale personar gjerne er på ferie og kontrollrutinane difor kanskje ikkje er like gode.

– Som alltid er rådet vårt å sjekka alle tilsende fakturaer nøye. Produkt som de ikkje har bestilt, skal de heller ikkje betala for, seier Tenfjord.

[KA har ved fleire høve åtvara medlemsverksemdene](#) mot å la seg lure av telefonseljarar som gjev inntrykk av å vera på jakt etter ei stadfesting på vidareføring av ei allereie innkjøpt teneste.

– Viss de er uheldige og vert forleda til å takka ja til eit produkt eller ei teneste som de ikkje ynskjer, må de avvisa det økonomiske kravet og melde saka til politiet. Det kan til dømes vera viss seljaren har gjeve inntrykk av å vilja ha ei stadfesting på ein allereie inngått avtale, medan det i realiteten ikkje har vore noko kundetilhøve frå før, seier Tenfjord.

Liknande namn som annan aktør

Svindlarane, som gjerne vert kalla kataloghaiar fordi tilbodet ofte er ei katalogoppføring, har denne gongen freista å lura fellestrådet ved å bruka eit namn som liknar den eksisterande nettsida jobbsafari.no. Denne sida hentar stillingsannonser frå diverse nettsider og legg dei ut gratis hos seg. Jobbsafari.no har sjølv vore nøydte til å åtvara mot svindlarane på sine Facebook-sider:

«Vær oppmerksom på at i sommar har mange falske fakturaer vorte sendt til offentlege styresmakter og føretak i Noreg og mogleg òg i andre land. Desse fakturaene hevdar å vera om jobbposterings på noko som heiter safarijobb.com. Desse fakturaene er falske! Dei har ikkje noko å gjera med Jobbsafari i alle fall, og dei burde ikkje betalast», skriv dei i ei statusoppdatering frå juli i år.

KPK



tlf. 02002



tlf. 53 64 32 09 / 959 28 787

FARGERIKE

Torkelsen

tlf. 53 64 24 80

torkelsen@fargerike.no



Sentralbord: 53 65 05 00

www.oddaenergi.no



Døgnvakt byrå, tlf. 90 67 99 99

53 64 20 00

Blomsterbutikken, tlf. 53 64 21 50

fax 53 64 23 81

www.digranes.no



ODDA MEKANISKE VERKSTED AS

Postboks 144, 5751 Odda

post@omv.as tlf. 53 64 00 40



VD ENGINEERING AS

Postboks 392, 5751 Odda

Hardanger Folkeblad
- først og fremst

tlf. 53 65 06 20



tlf. 55 09 28 88

Odda Rutebuss AS



Tyssedalsvn. 8 - 5750

1Odda

tlf. 53 64 18 65

fax 53 64 23 91

Røldal Bygdeteneste

5760 Røldal, tlf. 941 52 656

Grunnarbeid - Snørydding - Hagearbeid
Stillasutleige - Vedsal



Tenestetorget tlf. 53 65 40 00.

www.oddakommune.no



EIN STABIL OG TRYGG BANK

AVD. ODDA - 53 64 95 00



tlf. 53 00 44 24



tlf. 53 64 56 12



HARDANGER BILSKADESERVICE

OPPRETTING - LAKKERING - SERVICE

Odda, tlf. 53 64 40 22

EUROSKO
ODDA

Nederst i Gågata

tlf. 53 64 10 12



tlf. 53 64 80 80

post@hoyer-odda.no



Røldal - tlf. 53 64 71 26

Kryssordløsning:



LØSNING:

Vannrett: 2. LE 3. ANE 5. PAVE
7. LER 8. IN 9. IV 10. SI 11. SENG
13. ERT

Loddrett: 1. BE 2. LEVIS 3. APE
4. NARVE 6. ENIG 9. ISE 12. NT



TERJE
STORHAUG

barne-unodoms-og herretøler

tlf. 53 64 16 44

Steinar Tokheim

Byggn.tekn.kons.

Skare

stokheim@online.no

mob. 958 71 277

Einar Reisæter AS

elekt. forretn. install.

Eitrheimsv 1, 5750 Odda

tlf. 53 64 13 33

**Ønsker du å ha annonse
i Helgahelsing?**

Ta kontakt med kirkekontoret!

Nye medarbeidarar i kyrkja



Kyrkjeverje Liv Eirill Evensen saman med ny trusoooplærar Therese S. Meusburger (til venstre) og ny kyrkjetenar Maria Jordan (til høgre).
Foto: Angunn Handegard Trå

Jesu undervising

Det var lauvhyttefest i Jerusalem då Jesus stod fram i tempelet med undervisinga si. Han hadde i løyndom drege opp til høgtida. Jødane var ute etter han, «Kor er han?». Folk snakket om han, og lura på kven han eigenleg var. Men det var ingen som våga å seia at han kanskje var Messias.

Når han står fram og underviser, vert han møtt med undring. Kor har han kunnskapen sin frå, han som ikkje har noko opplæring? Han hadde ikkje gått i skule hos ein rabbinar. Kanskje var det både undring og beundring?

Jesus gjev dei eit klårt svar. Han hadde læra si og styresmakt frå Gud. Han var sendt av Gud. «For eg har ikkje tala ut frå meg sjølv; men Far som har sendt meg, har gjeve meg påbod om kva eg skal seia, og kva eg skal tala.» Joh.12, 49. Spørsmålet om læra er av Gud er viktig. Gud har gjeve oss ei rettleiing til å forstå og røyna det. Vi må gjera viljen hans, seier Jesus. Det er berre Guds ord som kan hjelpa oss til å sjå kva som er Guds vilje med liva våre.

Arrangement på

Odda bedehus

i haust:

Hovudtilskipinga vert møta med Kåre Johan Hamre 25. til 28. oktober.

Elles kjem me til å ha fire føremiddagssamlingar. Den neste vert laurdag 29. september.

På det møtet vil Solveig Norheim ta del med song og andakt. Og den siste samlinga er lagd til laurdag 1. desember.

Styret for Odda bedehus

Høstkonsert



Éva Györgyi Megyesi



Pawel Cabala

ORGEL PIANO SANG

ODDA KYRKJE 15. november 2018, kl. 19⁰⁰
VELKOMEN!

Løvetann i oktober

I svarte oktoberkvelden
med haust over skog og kratt
står gule ,små løvetann-rosor
og smiler mot storm og natt.

Dei trassar dei hela bøar,
og lyser i gul forakt
mot døden i haustsalmekoret
som hylar mot Satans makt!

Om stilken er stutt og blada
ligg trykte mot råkald jord,
står kruna der - lysande trassig -
i kuling og regn frå nord.

Gud Faders små lommelykter
står tende på frosen bø,
og strålar mot
stjerneskotheimen
bak haustfjell med tidleg snø!

Dei lyser som før i mai
om bakken er hard og stiv,
og ropar sitt NEI imot døden
i tru på eit evig liv.

Og løvetannhæren manar
til vilje, til mot og tru;
- til aldri å vika tilbake,
og aldri gje opp og snu!

Velsigne deg, gule kjempar
som lyser ved haustleg veg!
Gje frå deg ein gneist utav varmen,
og gje han til kalde meg!!

Jimmy Øvredal, f. 1940, norsk forfatter, radiokåsør,
lærer og toradarspelar, frå «Gråsteinlandet»

Vigde

Odda kyrkje

02.06.2018 *Karina Sjurstræ og Erlend Rosseland*
Aasne Hedalen-Småbrekke og Martin Eike
09.06.2018 *Carine Andersson og Kjartan Huus*

Røldal kyrkje

09.06.2018 *Solveig Hauge og Tor Eivind Nybø*
16.06.2018 *Nicole Kristiansen og Fredrik Theodor Selmer*
04.08.2018 *Aasne Vinjerui og Martin Hamre*

Skare kyrkje

28.07.2018 *Inger Beathe Tangen Kvalnes og Thomas*
Alexander Enstad



Døypte

Jesus seier: Sjå, eg er med dykk alle dagar
så lenge verda står. *Matt.28,20*

Odda kyrkje

10.06.2018 *Matheo Maage Skjervheim*
Maria Hansen Mansåker
Ola Mollatveit
12.06.2018 *Adrian Aga Røsten*
17.06.2018 *Mathea Ramsdal Seljen*
Maja Sandvin Bakke
Olav Lee Fjæra
Hanna Christina Måge Herheim
29.07.2018 *Emrik Klæboe Eike*
Kristian Eiriksson Oppedal

Skare kyrkje

05.08.2018 *Johan Tveit*

Avlidne

Herre, lær oss å telja våre dagar,
så vi kan få visdom i hjarta. *Salme 90,12*

Odda

<i>Anders Alme</i>	f. 1933
<i>Agnes Øyre</i>	f. 1932
<i>Kari Reide</i>	f. 1931
<i>Liv Mary Lund</i>	f. 1930
<i>Gunnar Vintertun</i>	f. 1945
<i>Ingeborg E. Tveiten</i>	f. 1920
<i>Tor-Magne Seljestad</i>	f. 1952
<i>Astrid Vangdal</i>	f. 1932
<i>Gunn Holmstrøm</i>	f. 1939
<i>Magnar Leigland</i>	f. 1942
<i>Else Helene Edna</i>	f. 1947
<i>Nils H Espeland</i>	f. 1932
<i>Leif Tore Johansen</i>	f. 1957
<i>Knut Hildal</i>	f. 1939
<i>Else Marie Kjerland</i>	f. 1929
<i>Bjarne L. Tveiten</i>	f. 1927
<i>Laila Ellinor Synnevåg</i>	f. 1948
<i>Sigve Åse</i>	f. 1950
<i>Lilly Gudbjørg Hardeland</i>	f. 1926

Skare

<i>Gjøa Lundal</i>	f. 1922
<i>Arne Leiv Seljestad</i>	f. 1934

Tyssedal

<i>Gunvor Pedersen</i>	f. 1939
------------------------	---------

GUDSTENESTELISTA

30. sept. - 19. sön. i treenighetstida

Odda kyrkje kl. 11.00
Skare kyrkje kl. 11.00
4- og 6-årsbok.

7. okt. - 20. sön. i treenighetstida

Røldal kyrkje kl. 11.00
Odda kyrkje kl. 17.00

14. okt. - 21. sön. i treenighetstida

Odda kyrkje kl. 11.00
Hausttakkefest. 4-årsbok. Kyrjekaffi med utlodning. Speidarane deltek.

21. okt. - 22. sön. i treenighetstida

Skare kyrkje kl. 11.00

28. okt. – bots- og bededag

Tyssedal kirke kl. 11.00
Høsttakkefest. 4-årsbok.
Røldal kyrkje kl. 17.00

3. nov. – laurdag

Berjaflo kapell kl. 16.00
Minnegudsteneste

4. nov. – allehelgensdag

Odda kyrkje kl. 11.00
Kyrjekaffi på soknehuset.
Røldal kyrkje kl. 17.00

11. nov. - 25. sön. i treenighetstida

Skare kyrkje kl. 11.00
Tyssedal kirke kl. 17.00

18. nov. - 26. sön. i treenighetstida

Røldal kyrkje kl. 11.00

25. nov. - Kristi Kongedag

Odda kyrkje kl. 11.00

2. des. - 1. sön. i advent

Odda kyrkje kl. 11.00
LysVaken. Kyrjekaffi.
Røldal kyrkje kl. 11.00

9. des. - 2. sön. i advent

Skare kyrkje kl. 11.00
Odda kyrkje kl. 17.00
Ljosmesse.

Det kan verta endringar - sjå etter i HF om fredagen

Tysdagsbøn
i Odda kyrkje kl. 12.00



Kyrkjeskyssen i Røldal

ring 95 95 11 11

Fellesbøn
(øumenisk bøn)



på Soknehuset
kvar laurdag klokka 10

Kirkens SOS

FORTVILET?
Ring Kirkens SOS
22 40 00 40



ODDA
TRYKK & REKLAME

Postboks 253 - 5751 Odda
tlf. 53 65 03 20 - Fax 53 65 03 30

www.oddatrykk.no